



Coop Modalen Sa
Postboks 20
5732 Modalen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/203 - 23/1674

Saksbehandlar:
Tonje Husum Aarland
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:
19.06.2023

Svarbrev - Søknad næringsfondet om støtte til jubileumsskriv

Vi syner til søknaden om tilskot frå næringsfondet til jubileumsskriv i samband med Coop Modalen sitt 150 års jubileum. Det er gjort slik vedtak i saka:

Vedtak

Modalen kommune løyver kr. 20 000,- frå næringsfondet i tilskot til Coop Modalen til jubileumsskriv i samband med 150 års jubileumet.

Følgjande vilkår gjeld:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknaden.
2. Tilskotssum vert utbetalt i tråd med dokumenterte kostnader.
3. Modalen kommune sin strategiske næringsplan (2017), samt Vedtekter for næringsfondet (2017) ligg til grunn for løyvinga.
4. Tilskotsmottakar skal innan 1 år etter tildelt støtte sende skriftleg tilbakemelding til Modalen kommune med status for det omsøkte prosjektet.

Saksutgreiing:

Copp Modalen feirar i 2023 150 års jubileum. Coop Modalen søker tilskot frå næringsfondet på kr 20 000,- til 50 % dekking av kostnadene knytt til dette.

Vurdering opp mot Strategisk næringsplan for Modalen kommune (SNP) og vedtekter for næringsfond

Strategisk næringsplan viser til sentrale kriterier for utdeling av tilskot frå næringsfondet; grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemder. Det vert i SNP mellom anna vist til oppbygging av omdømme og marknadsføring som eit fokusområdet i planperioden.

Det vert i søknaden vist til butikken som ein viktig del av Modalen sin historie, og peika på at hefte vil vere eit tilskot til dei andre lokalhistoriske hefta og bøkene som Modalen kommune har vore med å støtte tidlegare. Det er oppretta ei nemnd for utarbeiding av eit jubileumsskriv i samband med dette, beståande av sentrale personar som har utarbeida andre lokalhistoriske bøker og hefte i Modalen.

Heftet skal delast ut på jubileumsdagen 23. juni. Det er ønskje om å nytte heftet også til andre høve. Modalen kommune vil kunne få restopplaget til turistinformasjon, undervisning og liknande.

Prosjektet er eit lokalt initiativ som vil kunne vere verdifull for innbyggjarar og andre med tilknytning til- eller historisk interesse for bygdesamfunn på Vestlandet. Rådmannen sin vurdering er at tiltaket fell inn under føremålet med næringsfondet.

Økonomi

I søknaden vert det vist til at kostnader for trykking, redigering/design og kjøp av foto totalt vil koste kr 40 000,-. Det er søkt om tilskot tilsvarande 50 % av kostnadene. Modalen kommune vil kunne få delar av restopplaget.

I SNP er det vist til kategoriane 1, 2 og 3. Kategori 3 gjev samla stønad inntil 50 % av kostnadene. I særlege tilfelle kan stønad tildelast utover kategori 3. Rådmannen sin vurdering er at tiltaket kan plasserast i kategori 3 – samla stønad inntil 50 %.

Rådmannen sin vurdering er at søknaden er i tråd med tildelingskriteria i SNP og vedtektene for næringsfondet i Modalen kommune.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28 - 36.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dersom de har spørsmål, ta gjerne kontakt med underteikna.

Med helsing

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

Coop Modalen Sa

Postboks 20

5732

Modalen